



Årsrapport 2020

Fakultetet for helse- og sosialvitenskap

Nøkkeltal 2020

Fakultet for helse- og sosialvitenskap

5 campus

med helse- og sosialfagleg
utdanning og forskingsaktivitet

ORGANISASJONEN



488 årsverk



3 institutt og **1** senter

Førde

Sogndal

Bergen

Stord

Haugesund

UTDANNING OG FORSKING



4900 studenter



28 studieprogram



21 forskargrupper

SAMHANDLING



280 praksisavtaler



105 internasjonale avtaler



Tilbakeblikk på 2020

Årsrapporten er både ein del av historia til fakultetet, samstundes som den gir retning til vidare satsingar. Rapporten har denne gongen eit eget kapittel som omhandlar fakultetet si handtering av koronapandemien som har prega året. Men mest av alt gir rapporten eit bilete av alt det gode arbeidet som er gjort til tross for den situasjonen vi har vore i.

Når det gjeld samfunnsoppdraget vårt knytt til utdanning og forskning, så viser rapporten både til nyvinningar, og til forbetring og utvikling av det etablerte. Av nyvinningar på utdanningssida starta vi hausten 2020 opp den **internasjonale masteren i Healthy Ageing and Rehabilitation**. Her deltok 29 studentar frå 15 land og med 12 ulike profesjonsbakgrunnar. Meir lokalt starta vi den revitaliserte **masteren i samhandling og folkehelse**, med over 60 studentar fordelt på alle fem campus på Vestlandet. Gjennom året ble det også jobba med **utvikling av tre nye masterprogram**, som alle har oppstart hausten 2021.

Fakultetet har med dette tatt eit stort steg vidare med å utvikle masterutdanningane i utdanningspyramiden vår. Med tanke på samfunnets **behov for livslang læring og høgskulen sin universitetsambisjon**, viser dette at fakultetet vårt har gjennomgåande studieløp med vidare utdanningstilbod til alle våre grunnutdanningsstudentar. Masterutdanningane skal også danne grunnlaget for det neste utdanningsnivået, som er ph.d.-programma våre.

Hand i hand med utdanningane våre har vi gjennom året også **vidareutvikla våre forskingsmiljø** som skal bidra til kunnskapsutvikling innan dei felte vi utdannar til. Samstundes skal forskinga vår utgjere eit **læringsmiljø for våre studentar**. Både ph.d.-programma og forskarutdanningane har vore i god utvikling i året som har gått.



Foto: Eivind Senneset

Dekan Randi Skår

Det har vore jobba godt med **forskningsstrategiske grep** som viser satsingsområde og kva forskingsområde vi vil utvikle. Forskingssamarbeid har også blitt utvikla gjennom ei aukande satsing på **deltaking i klynger og nettverk**, der Alrek helseklynge særleg må nemnast. I tillegg deltek våre tilsette i fleire **nasjonale og internasjonale nettverk**. Alle desse bidreg til deling av kunnskap og erfaring og forskningssamarbeid.

Sjølv om pandemien har ført til begrensingar i mykje av arbeidet vårt gjennom 2020, så har den også påverka organisasjonen i positiv retning. Vi har **auka bruk av digitale verktøy** i kommunikasjon, i undervisning og i administrative arbeidsprosessar.

2021 er året der vi bygger vidare på alt det gode arbeidet som er gjort i 2020.

Beredskapsarbeid knytt til korona

«Våren 2020 vart alle campus ved HVL stengt ned den 12. mars på grunn av korona-pandemien. Alle studium gjekk over til digital undervisning, mange studium endra vurderingsform, praksis vart omorganisert og kvardagen vart endra for studentar og tilsette.»



Foto: HVL

Gjennom 2020 har fakultetet hatt ei **beredskapsgruppe leia av dekan**, som har hatt frå daglege til fleire møter i veka. Her er det behandla saker meldt inn frå ulike leiarar, eller direkte spørsmål frå studentar, tilsette og praksisfelt. Risikovurdering og dokumentasjon har vore lagt inn i ein eigen kontinuitetsplan for fakultetet. Ei undergruppe, «Beredskapsgruppe utdanning», vart oppretta med eit delegert ansvar for alt knytt til undervisning i både teori og praksis.

Beredskapsarbeidet har vore i tett **samarbeid med fagleg og administrativ tilsette, studentar, våre praksis-tilbyderar** og styresmaktene. Til ei kvar tid har nye smitteverntiltak utfordra oss i å kunne planlegge både på kort og lang sikt.

Det å **sikre god informasjon og medverknad** har stått sentralt. For å nå ut til alle involverte studentar, tilsette og samarbeidspartar i praksisfeltet, har vi utvikla og nytta ulike informasjonskanalar. Vi har hatt jamlege møter med studenttillitsvalte på ulike nivå (utdanning, institutt, fakultet), og hyppig oppdatert informasjon på nett, i Canvas og via telefon (SMS)Ma.

Det har vore særleg tett **kontakt med praksisfeltet**. Vi organiserte oss med beredskapsmøter lokalt og regionalt, møter med KS Vest og Nasjonalt knutepunkt: UH – KS – Helsedirektoratet – Regionale helseføretak. Det har vore arbeid med ein nasjonal delingskultur.

For fakultets sine tilsette har det vore **ekstra ID-møter, informasjonsdeling i Teams, på intranettet Vestibyen og ved nyheitsbrev** via e-post. Informasjon og dialog på fagseksjonsmøter og personalmøte.

Våren 2020 hadde beredskapsgruppa utdanning møte med kvar og ein fagseksjon kring planlegging av hausten 2020. Alle emne vart vurdert og planlagt ut i frå ein aktiv pandemi.

Ferdigheitstrening og simulering

Dette er undervisning som må gjennomførast før studentane kan gå ut i praksisstudiar. Våren 2020 vart all ferdigheitstrening og simulering avlyst. Omfanget var stort. Hausten 2020 jobba vi hardt for å halde opne campus for gjennomføring av ferdigheitstrening og simulering. Det vart utvikla eigne strenge smitteverntiltak for denne undervisninga.



Praksisstudiar

38 ulike praksisstudiar ved fakultetet var i mars 2020 undervegs eller skulle starte opp då Covid-19 endra alt. Situasjonen ute i helse- og sosialtenestene vart krevjande. Enkelte praksisplassar stengde ned eller vart omorganisert, som NAV-kontor, fysioterapi- og ergoterapi-tenester og radiologiske institutt. Rettleiingsoppgavet for studentar vart utfordra sidan lærarane ikkje hadde tilgang til praksisplassane av smittevernomsyn. Lokale restriksjonar i ein høgskule som spenner over heile Vestland og Nord-Rogaland med alle sine kommunar, gav oss store utfordringar.



Vi har vore i god og tett dialog med våre samarbeidspartar kring løysingar om korleis vi saman best kan handtere utdanningsoppgavet under pandemien. I tillegg har praksissidene til fakultet blitt nye våren 2020, og det har styrka samarbeid og informasjonsflyt.

Undervisning på campus og digitalt

Frå 12. mars vart all undervisning gjennomført digitalt. Det har vore lagt ned eit stort arbeid av våre tilsette for å få dette til. Hausten 2020 har i nokon grad hatt kombinasjon av digital undervisning og fysisk undervisning



på campus i mindre grupper. Nye smitteutbrot har utfordra fysisk undervisning og vi har vore bekymra for studentane sin mangel på fagleg og sosialt fellesskap.

Vi har søkt å gje støtte til faglærarar som skal gjennomføre nettundervisning, men ressursituasjonen utfordra oss. Vi fekk frå 1.august ein fakultetskontakt knytt opp til Avdeling for utvikling av undervisning og læring. Det er utvikla rettleiing for digital undervisning i Zoom og Kalthura, og hjelpesider for Canvas. Det er gjennomført ei webinarrekke for fagtilsette med erfaringsutveksling frå ulike undervisningsopplegg. Alle eksamenar har vore digitale etter mars 2020.

Internasjonalisering

I mars henta vi heim alle utreisande studentar som var på utvekslingsopphald. Ekstra kostnader vart dekkja av HVL. Internasjonale studentar ved HVL vart oppmoda om å reise heim. HVL avlyste også all utveksling for haustsemesteret 2020.



Forsking og utviklingsarbeid

Forskingssjokjekt og utviklingsarbeid har i all hovudsak gått som planlagt. Diverre har nokre stipendiatar fått forseinkingar i datainnsamlinga som følge av pandemien. Fem stipendiatar har fått godkjent forlenging på mellom 2-9 månader, og ni har automatisk fått lagt på ein månad til stipendiatperioden sin.



HR/Økonomi

Tilsetjingsprosessar har gått som normalt gjennom pandemien. Intervju og prøveundervisning har blitt gjennomført digitalt. Fleire nytilsette har starta i sine jobbar frå heimekontor, noko som har vore utfordrande. Det har til tider vore vanskeleg å halde oppe informasjonsflyten i fakultetet, dette gjeld særleg i periodar der vi har teke avgjersle som får konsekvensar på kort sikt. Vi har sett ei særleg utfordringar kring langvarig heimekontorsituasjon og all møte, undervisning og samhandling via zoom og teams. Når det gjeld økonomi har vi sett mindre forbruk når det gjeld reisekostnader for både studentar og tilsette.



Utdanning

«2020 har vore eit aktivt år med tanke på utvikling av studieporteføljen vår. Vi har haldt stort trykk på vidare utvikling og samordning av utdanningar på alle nivå.»

- Anne-Grethe Nausdal, prodekan for utdanning

Strategimål for 2023



- > høg rekruttering og god gjennomstrømming
- > læring gjennom heile livet, samarbeid, kommunikasjon, innovasjon og kritisk refleksjon
- > kompetente profesjonsutøvarar som arbeider utifrå eit ressurs- og brukarorientert perspektiv

Fakultetet starta hausten 2020 opp sine **samordna og reviderte bachelorprogram** i barnevern, ergoterapi, fysioterapi, radiografi, sosialt arbeid, sjukepleie og vernepleie. Vi har i tillegg utvikla og fått godkjend nye desentraliserte deltidsstilbod. Hausten 2021 kan vi tilby **samordna desentraliserte deltidsutdanningar** i sjukepleie både i Bergen, Førde og Haugesund, og deltidsutdanning i vernepleie både i Sogndal og Haugesund.

Masterutviklinga har også hatt stort fokus i 2020, både kring implementering av nye og reviderte mastertilbod og vidare revidering og utvikling av nye.

Utvikling av mastertilbod

Ein ny **internasjonal master, Healthy Ageing and Rehabilitation**, starta digitalt opp hausten 2020, med heile 29 studentar frå 15 land i Asia, Europa og Afrika. Studentane har bakgrunn frå 12 ulike profesjonar innan helse- og sosialfag. Her vil dei få verktøy for å utvikle gode program for rehabilitering og aktiv aldring i eigne samfunn. Fakultetet har her fått eit studium som baner veg for **internasjonalisering og erfaringsutveksling på tvers av landegrensene**.

Foto: HVL



*Healthy Ageing and Rehabilitation
Master, autumn 2020*



Illustrasjon: Shutterstock

Vår nye **master i Samhandling og folkehelse** starta opp hausten 2020 med 60 studentar fordelt på alle campus. Vår utdanningsportefølje byggjer her godt opp kring styrking av folkehelseområde. Folkehelse er **eit av dei seks felles faglege satsingsområde** som skal vere gjennomgåande perspektiv for all verksemd i HVL, og eit fordjupingsområde for forskning og utvikling.

Vi har arbeidd og fått **godkjend fire ulike master-program**, alle med oppstart haust 2021:

- > Familieterapi og relasjonelt arbeid
- > Sjukepleie – kliniske spesialiteter
- > Avansert klinisk allmennsjukepleie
- > Kunnskapsbasert praksis med kliniske retningar innan radiografi, ergoterapi og helsefag

Studieplassar til nye og reviderte studieprogram vert i hovudsak løyst ved å avslutte og bruke studiepoeng frå vidareutdanningar. Vi har også søkt Kunnskapsdepartementet om nye studieplassar.


I revidert nasjonalbudsjett 2020 vart det **tildelt ekstra studieplassar** til universitet og høøgskuler for å auke studiekapasiteten allereie frå hausten 2020. Av dei 181 studieplassane som HVL fekk tildelt blei 75 av dei fordelt til FHS for 2020, med ein opptrapping i 2021 med ytterlegare 75.



Foto: Shutterstock

God delingskultur

Ei satsing i 2020 har vore utvikling av god delingskultur. Vi har tatt i bruk **fleire digitale plattformer for deling**. Gjennom Canvas Commons har vi t.d. delt «Kunnskapsbasert praksis på tvers og på nett» både lokalt og nasjonalt.



Med denne arbeidsmåten håper vi å løfte utdanningskvaliteten vår, ved aktiv bruk og kloke tilpassingar i møte med studentane. Grunnlaget er å stimulere tilsette til å bli med på **samskaping av digitale læringsressursar**. Vi har gjennom 2020 satt fokus på temaet gjennom ulike seminar og informasjonstiltak, og ved å gje auka tal timar til planlegging av større digitale undervisningsopplegg som vert delt. Dette er ei stor endring i måten å jobbe på, og arbeidet med delingskultur vil halde fram for fullt i 2021.

Fellesemne

Alle våre sju bachelorprogram har gjennomført det nye fellesemne «Danning og akademisk handverk» for fyrste gong hausten 2020.




Fellesemnet gir høgskulen sine studenter ei **grunnleggjande innføring i tema og ferdigheiter med høg relevans for vidare utdanning**: Studieteknikk, akademisk skriving, metode, vitenskapsteori, etikk, informasjonskompetanse, samarbeid og kommunikasjon. Innføringa av eit fellesemne er ein viktig byggjestein i arbeidet med å bli universitet. Her har våre utdanningar gjort eit stort og viktig arbeid med å delta i utviklinga og i piloteringa.

MAMET er eit **nettbasert felles masteremne** i vitenskapsteori, forskningsetikk og metode for alle masterutdanningane ved FHS. Vi har i 2020 særleg arbeidd med å utvikle ein god ressurstildelingsmodell til drift og utvikling av emne. Ei eige prosjektgruppe ved fakultetet skal gjennomføre ein større revisjon av fellesemne i 2021.

Felles retningslinjer for bachelor- og masteroppgåver

Ei brei samansett arbeidsgruppe i fakultetet har utvikla felles retningslinjer for rettleiing av studenter, som skal skrive bachelor- og masteroppgåver. Retningslinjene vart gjeldande frå hausten 2020, og vart publisert på hvl.no (under eksamen og oppgåveskriving).



Knytt til arbeidet er det også utvikla tekniske retningslinjer for all oppgåveskriving gjeldande for alle studenter ved fakultetet.

DIKU-midlar

I 2020 har vi fått gode tilslag på søknadar om **midlar til utvikling av utdanningane våre**. Mellom anna har vi fått midlar til å utvikle ei desentralisert deltidsutdanning i vernepleie, og til prosjektet «Digital sikkerheitskompetanse i helse- og sosialfag – eit nasjonalt samskapingsprosjekt (DigSam)».



Hovudmålet med DigSam er utvikle **undervisningsopplegg i digital sikkerheit** for studenter og tilsette i helse- og sosialfaglege utdanningar. Vi har også utvikla to større søknadar knytt til praksis innan våre utdanningar. Sjølv om vi ikkje har fått midlar her, kan vi ha stor nytte av utviklingsarbeidet framover.

Praksisprosjekt bachelor

Fakultetet etablerte i 2019 eit eige **praksisprosjekt for å utvikle felles prosessar og tiltak** som kan bidra til å heve kvaliteten, sikre relevans og styrke samhandlinga mellom utdanning og praksisfelt, og god ressursbruk knytt til praksisstudiane.



Prosjektet har hatt deltakarar frå både HVL og samarbeidspartnarar frå praksisfeltet. Prosjektet vart avslutta i august 2020, og det er utvikla både delrapportar og ein samlerapport kring praksislæring, tverrprofesjonell samarbeidslæring i praksis (TPS), e-praksis, internasjonalisering og distribusjon av praksisplass. Prosjektet har også utvikla eit opplegg, for digital rettleiing og vurdering av studenter i praksis (knytt til pandemien).

Rapportane er publisert på praksisprosjektet si heimeside på hvl.no

Simulering og ferdighetstrening

Vi har i 2020 haldt fram utviklinga av **SimArena som ei felles faggruppe** innan simulering og ferdighetstrening. I tillegg til utvikling av felles rutinar og samordna fagleg aktivitet, har det vore ei særleg satsing knytt til rehabilitering og utviding av Sogn dal sitt simuleringssenter.





Foto: Shutterstock

Internasjonalisering

På grunn av pandemien har det **ikkje vore mogleg med inn- og utveksling** av studentar dette året. Dei som var på ut- og innveksling reiste tilbake til sine land og campus i mars 2020. Men det har vore utvikling av internasjonalisering digitalt. Blant anna hadde **70 sjukepleiestudentar våren 2020 digital undervisning saman med studentar på Madagaskar**, gjennom undervisningsopplegget COIL («Collaborative Online International Learning»).

Vi har også i 2020 hatt ein **større gjennomgang av alle Erasmus-avtalar** og om desse skal avsluttast, fornyast eller endrast på. Inneverande Erasmus+ periode vart avslutta i 2020. For å kunne nytte moglegheitene for student- og tilsettutveksling i den nye perioden frå 2021 – 2027 har alle dei aktuelle Erasmus-avtalar måtte fornyast.

Gjennomstrøyming

Som del av 2020 si studieporteføljesak til høgskulestyret, retta vi særleg fokus på våre kandidatmåltal. Fakultetet har samla sett jamt over bra samsvar mellom tal studieplassar og tal ferdige kandidatar. **Overordna gjennomføringsgrad på bachelor ligg på 63%, og for master på 69%.** Ved FHS sine bachelorutdanningar tar 70,8 % av studentane 60 studiepoeng i løpet av første studieår. Måltala vert likevel i stor grad nådd fordi vi tar høgde for fråfallet, og tar opp ein god del fleire studentar enn kandidattalet skulle tilsei.

Når det gjeld masterutdanningane vil vi særleg trekke fram **utfordringa med at fleire program gjev spesialistgodkjenning, om ein avsluttar studie etter 60 og 90 studiepoeng.** Mange studentar får ikkje stipend for å ta ein heil masterutdanning. Vi ser her at fleire studentar sluttar etter oppnådd spesialistgodkjenning. Dei som tar heile masterutdanninga må ofte bruke to semester meir enn normert for å bli ferdige.

63%

gjennomstrøyming
bachelor

69%

gjennomstrøyming
master

70%

tek 60 studiepoeng
første studieår

Samhandling og formidling

«Oppbygging av eit system for tett dialog med samfunns- og arbeidsliv har vore ei satsing i 2020. Gjennom ulike møteaktivitet, og råd og utval med ekstern representasjon, sikrar vi tett og godt samarbeid.»

Strategimål for 2023



- > Føretrekt samarbeidspartnar for helse- og sosialfag
- > Naturleg møtepunkt og ein aktiv bidragsytar i formidling og deling av kunnskap
- > Internasjonal samarbeidspartnar

Vi har i 2020 vidareutvikla våre **20 studieprogramråd** til å bli ein viktig lyttepost for å fange opp behov i praksis, arbeids- og samfunnsliv. På same måte nyttar vi **fakultetsrådet vårt med eksterne representantar** frå Vestland fylkeskommune, KS Vest og Helse Fonna.

Utdanningsutvalet og FOU-utvalet har hatt faste møter, for å fange opp behovet for utvikling innan både utdanning og forskning. Vi samarbeider elles tett med **fire helseføretak på Vestlandet** (Førde, Fonna, Bergen, Stavanger), og har samarbeidsavtalar og faste møter på ulike nivå med dei alle.

Dei nær **200 samarbeidskommunane** har vi også inngått nye samarbeidsavtalar med i 2020, men det er litt ulikt kor godt vi har funne eigna samarbeidsformer her. Dette vil vi prioritere i 2021.

NAV-kontor i Vestland fylke, fleire statlege institusjonar og **over 60 private institusjonar** har vi også hatt ulike former for dialog og samarbeid med. Noko meir systematikk vil vi søke å utvikle også her i 2021.

Førde

Sogndal

Bergen

Stord

Haugesund

Klynger, nettverk og forskning

Fakultet har i 2020 forsterka samarbeidet med Alrek helseklynge gjennom samlokalisering av **Alrek helseklynge og Senter for omsorgsforskning vest** (SOFV), inklusiv E-helsearena.

SOFV er frå hausten 2020 fakultetet sitt einaste senter, og vi styrkar no integrasjonen mellom SOFV og fakultetet sine øvrige undervisnings- og forskningsaktivitetar. Senterleiar er blitt fast medlem i fakultetsleiinga. Gjennom SOFV har vi også formalisert og styrka arbeidet inn mot **Utviklingssentra for sjukeheim og heimesjukepleie** (USHT) i kommunane i Vestland og i Rogaland.



Fakultetet deltek i fleire andre **nasjonale og internasjonale nettverk**, som bidreg til kunnskaps- og erfaringsdeling. Døme er: Kvardagsrehabilitering, Nasjonalt nettverk for samanheng i pasientforløp, Nasjonalt nettverk for helsetenesteforskning, EFPC- European Forum for Primary Care, Primore- European primary care multi-professional researcher network, Kunnskapsklynga Polyfon og Norwegian Smart Care Cluster.

EVU og Livslang læring

Våren 2020 vart «**Kompetansereformen - lære heile livet**» (Meld.St.14) lansert. Omtrent samstundes kom koronapandemien, som utløyste forsterka satsing på fleksible og desentraliserte utdanningar på både kort og lang sikt. Det er avgjerande å byggje gode rammevilkår for alle som er involvert i livslang læring og EVU-verksemda, slik at dette vert eit dynamisk, lærande og utviklande område innan utdanning.

Utforminga i feltet innan **etter- og vidareutdanning og livslang læring** har blitt utfordra i vår nye organisasjon. Vi har jobba aktivt for å løfte utfordringar og finne løysingar. Prosjekt livslang læring ved HVL er etablert og har brei deltaking frå fakultet.

FHS har jobba med å gjere utdanningane fleksible på alle nivå. Dette omhandlar å i større grad tilby **arbeids- livsrelevante samlingsbaserte deltidsutdanningar** og fleksible utdanningsløp, tilpassa målgruppa studentar som på grunn av livssituasjon, bustad eller andre forhold ikkje har anledning til å vere heiltidsstudent ved eit campus. Dette kan vere anten førstegongssøkjjarar, eller dei som har behov for å fylle på sin eksisterande kompetanse. Til dømes er det oppretta to erfaringsbaserte masterutdanningar, samt deltid vernepleie og desentralisert deltidsutdanning i sjukepleie.



Foto: HVL

Forsking og innovasjon

«2020 var eit toppår når det gjeld tildeling av stipendiatstillingar til våre eigne ph.d.-program. Det har også vore auka fokus på å søkja om ekstern forskingsfinansiering ved fakultetet.»

- Alice Kvåle, prodekan for forskning

Ei arbeidsgruppe fekk i 2020 i oppdrag å greie ut eventuell oppretting av forskingsprogram. Etter innspel og drøfting med fagmiljø, leiarar, råd og utval, vart det konkludert med at fakultetet ikkje skulle oppretta eigne program i 2020, men heller ta med viktige moment frå arbeidet vidare.

Strategimål for 2023



- > Sterke forskingsprofilar i ph.d.-programmet Helse, funksjon og deltaking
- > Praksisnær forskning av høg internasjonal kvalitet
- > Relevant for utdanningane og utfordringar innan helse- og velferdstenestene

Med utgangspunkt i arbeidsdokumentet og innspela i samband med utgreiinga om forskingsprogram, vart det drøfta korleis **forskningsstrategi og samarbeid på tvers** kunne føre til fleire og **større samarbeidsprosjekt og eksterne søknader**.



Foto: Shutterstock

Fakultetet har framleis **21 forskargrupper**, og forsinga ved fakultetet er presentert i fem **hovudkategoriar**:

- > Personsentrert helseforsking
- > Folkehelse- og velferdsforsking
- > Tenesteforsking
- > Innovasjon og implementering
- > Læring- og utdanningsforsking

Informasjon om pågåande prosjekt og namn på medlemmane i forskargruppene er publisert på nettsida hvl.no/fhs/forsking, og under dei ulike forskargruppene. Tilsette, særskilt nyttilsette, oppfordrast til å verta medlem i ei forskargruppe, og kople seg til prosjekt.

Kompetanseheving

Vi har i 2020 satsa på fleire kompetansetiltak med **tildeling av interne stipend** til tilsette, med mål om at dei skal oppnå førstekompetanse og toppkompetanse:

- > To ph.d. fullføringsstipend
- > Fire førstelektorstipend
- > Tre professorstipend

Vi har hatt ei **auke i førstekompetanse**, frå 45 % i 2018 til 50 % i 2020. Når det gjeld toppkompetanse blant vitskapleg tilsette, var 11 % professor eller dosent i 2018 og 13 % i 2020. Samanlikna med dei andre fakulteta ved HVL, har vi enda ein veg å gå. Satsing på kompetansehevingstiltak står difor sterkt også i 2021.

I samband med tildeling av ekstra midlar frå KD, fekk vi høve til å lyse ut **tre postdoktor-stillingar** knytt til interne forskingsprosjekt. Endå ei postdoktor-stilling vart innvilga frå Helse Vest, til eit prosjekt leia av ein FHS-tilsett.

Som ledd i universitetsambisjonen satsar HVL på auka prosjekt- og publiseringsaktivitet og auka internasjonalt samarbeid. I samband med universitetsambisjonen fekk fakultetet tildelt **tre professor II-stillingar**, som skal komme frå internasjonale forskingsinstitusjonar, og tre postdoktor-stillingar knytt til interne prosjekt.

Målet med denne ekstra satsinga er òg at det skal skrivast prosjektsøknader til EU i 2021-2022.

Publisering

Fakultetet kan vise til noko auke i publiseringsaktiviteten, frå 133 publikasjonspoeng i 2018 til 151 i 2019 basert på 189 NVI-publikasjonar. Det betyr likevel at det er under 0,5 publikasjonspoeng pr fagleg tilsett, noko som gjer til at vi ligg lågt samanlikna med HVL sine andre fakultet. Totalt hadde fakultetet 300 tidsskriftpublikasjonar, vitskapelege antologiar eller vitskapelege kapittel i 2019. Om lag halvdelen av desse var på engelsk.

Ekstern finansiering og internasjonalisering

Det har vore **auka fokus på å søka om ekstern forskingsfinansiering** ved fakultetet. I 2020 har vi haldt fram med føringa om sterkare forskargrupper, og at tildeling av stipendiatstillingar frå Kunnskapsdepartementet (KD-stipend) føreset at ein har søkt om eksternt finansiert prosjekt.



Foto: HVL

Det har vore ein **auke frå tre søknader til Norges Forskingsråd (NFR) samt til andre instansar i 2018, til 15 i 2019 og 22 i 2020**. Berre ein prosjektsøknad fekk tildeling i 2020, men to store prosjekt innvilga i 2019 hadde oppstart i 2020 (Expert-reports og END). NFR innvilga over 15 millionar til eit stort prosjekt (Knowledge to Action – K2A) leia av Senter for omsorgsforsking vest, med oppstart i 2021.

2

ph.d.-stipend

4

førstelektor-
stipend

3

professor-
stipend

3

postdok-
stillingar

3

professor II
stillingar

FHS fekk **insentivmidlar til internasjonalisering**. Ein del av midlane vart tildelt forskarar som har med internasjonale medarbeidarar i prosjektsøknadsskrivinga si. Noko vart brukt til å sikre at alle emneplanar knytt til FHS er oversett til engelsk.

Grunna pandemien har det vore lite eller inga utveksling og forskarbesøk, verken inn eller ut. Konferansedeltaking har vorte redusert, men vart etter kvart tilgjengeleg som digitale konferansar, der nokre tilsette har bidrege med innlegg.

FHS er med i det det **Baltiske nettverket for ph.d.- og forskingssamarbeid**. Også her vart alle møta heldt digitalt, likeins forskingskonferansen for ph.d.-stipendiatar, arrangert av Karolinska Institutet. FHS leiar COST-Action nettverket EVBRES på tredje året, samt Erasmus-prosjektet EISEN, og for første gong vart alle møter digitale.

Doktorgradsstudier og stipendiatstillingar

Ph.d. studiet i **Helse, funksjon og deltaking** starta hausten 2019.

I 2020 vart **14 nye stipendiatar** tatt opp. Av dei totalt 25 stipendiatarane som har starta sidan 2019, har dei fleste alt teke dei obligatoriske emna, samt fleire av dei valfrie emna som FHS tilbyr, og sju har fullført midtvegsevaluering.



Ph.d.-studiet **Ansvarleg innovasjon og regional utvikling** (RESINNREG) starta i januar 2020. Dette studiet har tre faglege retningar, og retninga Offentleg tenesteinnovasjon høyrer til FHS. På RESINNREG starta fire stipendiatar, og fleire er i prosess i dette programmet.

2020 var eit godt år når det gjeld **tildeling av stipendiatstillingar** til våre eigne ph.d.-program. I tillegg til dei to interne fullførings ph.d.-stipendiat, vart det tildelt sju KD-stipend, eit stipend frå Stiftinga DAM, eitt med nærings-ph.d. finansiering frå NFR, samt seks stipend knytt til NFR-finansierte prosjekt til stipendiatar som starta på ph.d.-studiet Helse, funksjon og deltaking.



Forskarforum

På Forskarforum vart det delt ut to prisar i 2020: Ein pris for årets forskargruppe og ein til beste formidlar.

Prisen for **årets forskargruppe** gjekk til «Psykisk helse» leia av professor Lennart Lorås, for ein imponerende vitenskapleg publiseringsaktivitet, både i omfang og variasjon, og høgt tilslag på ekstern finansiering, studentinvolvering og populærvitenskapleg formidling. Pris for **beste populærvitenskaplege formidling** gjekk til professor Frode Thuen, for å ha delt sin faglege kunnskap om par, familiar og relasjonar til eit stort og breitt publikum i Noreg.

I desember fekk også professor Kari Dyregrov **HVL sin FoU-pris** for forskingsarbeidet sitt med tema som sorg, sjølv mord og narkotikarelatert død.



Foto: HVL

Organisasjon og leiing

«2020 har vore eit år med stor arbeidsmengde for mange, på grunn av pandemien. Samstundes har vi ferdigstilt fleire store utviklingsprosessar i fakultetet.»

- Trude Engebretsen, administrasjonssjef

I løpet av 2020 har vi jobba med å forbetre den interne informasjonsflyten i fakultetet, både mot studentar og tilsette. Dette arbeidet vart svært viktig for å handtere dei raske avgjerda som kjenneteikna handtering av koronapandemien.

Eitt av tiltaka har vore å utvikle og lansere nye intranettsider. Dette har vi gjort i tett samarbeid med dei tilsette gjennom brukarundersøking, samtalepakke, informasjon og møter. Samstundes har vi avvikla nyheitsbrevet som tidlegare vart sendt alle tilsette på e-post kvar 14. dag frå fakultetsleiinga.


Strategimål for 2023



- > Samarbeid mellom utdanning og forskning, fag og administrasjon
- > Godt arbeidsmiljø, høg trivsel og eit tett samarbeid
- > Profesjons- og arbeidsretta kompetanseprofil hos tilsette

Justeringar i organisasjonen

Etter ein prosess som starta i 2019, kunne fakultet legge fram forslag til IDF-møtet i april 2020, om å organisere **Senter for kunnskapsbasert praksis** som ein fagseksjon under Institutt for helse og funksjon. Fagseksjonen vart etablert frå august 2020. Samstundes vart **Senter for omsorgsforskning, vest** plassert i organisasjonskartet, og dagleg leiar for senteret vart i august 2020 ein del av leiargruppa ved fakultetet.



Informasjon og medverknad

I tråd med nye føringar i HVL sin tilpassingsavtale oppretta fakultetet i 2020 **organ for medverknad på instituttnivå**. Desse møtepunktka skal sikre at tilsette får informasjon som har innverknad på deira arbeidssituasjon. Fakultetet har også gjennom arbeidet med nye heimesider. Det skal bidra til at alle tilsette får lik informasjon til same tid, at informasjonen kjem fortløpande og er oppdatert, og at det blir enklare å finne tilbake til informasjon som allereie er gitt. Gjennom desse tiltaka ønskjer vi å bidra til **økt medverknad og ein meir open kommunikasjon** om felles avgjersle og strategiar i fakultetet.



Fakultetet har utarbeida årshjul, som er eit overordna styringsverktøy, som gir ei oversikt over fakultetet sine overordna **faste saker og fristar gjennom året**. Årshjulet gir også oversikt over **sentrale møtepunkt**, for å sikre heilskap og samanheng i faste leiarmøte, råd og utval på institusjonsnivå og fakultetsnivå.

Auka bruk av digitale verktøy i gjennomføring av møter har ført til meir effektive møter, men samstundes har det gått på kostnad av den sosiale dimensjonen. Vi er difor glad for at vi i oktober 2020 klarte å gjennomføre ei av to utvida leiarsamlingar i fakultetet som ei fysisk samling i Bergen.

Kompetansekartlegging, rekruttering og bemanning

Fakultetet har i 2020 vore tett involvert i utviklinga av **HVL sitt kompetansekartleggingsverktøy, Kompis**, som er planlagt lansert i 2021. Eit av våre institutt var pilot på løysinga. Systemet skal gi eit heilskapleg kompetansebilete, og synleggjere formalkompetanse, pedagogisk kompetanse og digital kompetanse. Systemet vil gi leiarane i fakultetet ei god oversikt over ressursane, og hjelpe med bemanningsplanar, kompetanseplanlegging og moglegheit for å lage gode langtidsbudsjet.

Fakultetet har framleis utfordringar knytt til **nyrekrutering i fagstillingar**. Dette gjeld særleg kompetansekravet knytt til førstekompetanse og toppkompetanse. Den auka satsinga på intern kompetanseheving kan løyse noko av utfordringane, men eit anna tiltak er også å lyse ut fleire stillingar i Norden eller internasjonalt. Likevel er det gledeleg at **mange tilsette har fått opprykk gjennom året**.

Det har gjennom året blitt jobba med å få oversikt over **delte stillingar, bistillingar og kombinerte stillingar** i fakultetet, og det er ei aukande interesse for å utvikle løysingar for kombinerte stillingar. Dette har særleg vore drøfta opp mot helseføretaka, og det er eit viktig oppfylgjingspunkt i 2021.

Når det gjeld administrative stillingar så ser vi at det er god søknad, og godt kompetente søkjarar til utlyste stillingar.

Opprykk for tilsette i fakultetet i 2020








Foto: Shutterstock

Ressursfordeling og økonomistyring

Fakultetet har vore tett involvert i utviklinga av TE Plan, som er **HVL sitt ressurs- og personalplanleggings-system**. Verktøyet leverer styringsdata og rapporter til verksemda. Gjennom arbeidet med TE Plan er det sett et behov for at HVL arbeider meir med integrering av andre IT-system som HVL bruker. Det vil gi oss eit meir heilskapleg system og verktøy for arbeidsplanleggingsprosessen.

TE-plan som verktøy for økonomistyring har vore til diskusjon i utvida leiargrupper og i faste råd og utval gjennom året.

Gjennom 2020 har det også blitt arbeidd vidare med ein **ressursfordelingsmodell til våre master- og etter- og vidareutdanningar**. Denne skal implementerast ved komande studieårs arbeidsplanlegging og vil vere eit viktig ledd i å sikre økonomisk og fagleg berekraft. Målet er å finne standard ressursramme som gir tilstrekkeleg fagleg kvalitet, målt opp mot den inntekta studiane genererer.

FHS hadde ved årsslutt 2020 eit **samla mindreforbruk på 14 millionar**. Samanlikna med 2019 er fakultetet sitt internregnskap redusert med om lag 10 millionar. Endringane er i hovudsak nedgang i driftskostnader til reise- og arrangementskostnader (7,5 millionar), som følge av Covid-19. Lønnskostnadane i 2020 var på omtrent same nivå som i 2019, og ein del av forklaringa her er eit forseinka lønnsoppgjer og lågare lønnsvekst enn forventa. Fakultetet har også fått auke i internoverføringer frå sin eksterntfinansierte verksemd samanlikna med fjoråret, samt auke i kostnader til investeringar.

Mindreforbruket på 14 millionar blir overført til 2021. Av mindreforbruket er **9,8 millionar bunde opp i interne prosjekt** der hovudandelen gjeld strategiske midlar tildelt i 2020. Fakultetet har ein plan for bruken av desse midlane. Det er og vedteke å **overføre 5,2 millionar til 2022** for å ta høgde for ei lågare budsjettamme grunna variasjonar i kandidatinntekter annakvart år.


Administrative støttesystem

Fakultetet har gjennom 2020 vore tett på prosessane rundt **automatisering av administrative støttefunksjonar i HVL**. I 2020 tok fakultetet i bruk

appen «Betal meg». Den lar gjeste-forelesarar og andre eksterne oppdragstakarar sjølv registrere lønn og reiserekningar digitalt. «Betal meg» har heva kvaliteten på utbetalingsprosessen vesentleg, og utbetalningar til eksterne går raskare. Fysiske lønsskjema som fyllast ut, attesterast, tilvisast og sendast rundt i organisasjonen er fasa ut. Dette er første steg i ein prosess der heile rutinen med avtalar og lønn til eksterne, blir digitalisert.



Det er framleis høg merksemd på å avklare **arbeidsdelinga mellom fellesadministrasjonen og fakultetsadministrasjonen**, gjennom arbeid med enkeltsaker.



Vi er kome litt lenger i 2020, men det står att samhandling om utvikling på fleire felt i administrasjonen. Fakultetsadministrasjonen er opptekne av å skape endå tydelegare administrative tenester, for å understøtte den faglege verksemda.

Fakultetsadministrasjonen har også dette året hatt mykje dialog med fagmiljøa, ved å delta på møter med instituttleiinga og i fagseksjonane. Det bidrar til ein **god dialog om leiarane sine behov knytt til administrative støttefunksjonar**.



I 2020 har det framleis vore høg merksemd på å bygge saman dei ulike administrative einingane i HVL, og samordne rutinar for å utvikle ein felles praksis både i institusjonen og i FHS.



Campus Haugesund
Bjørnsonsgate 45

Campus Stord
Klingenbergvegen,
Rommetveit

Campus Bergen
Inndalsveien 28

Campus Førde
Svanehaugvegen 1

Campus Sogndal
Røyrkata 6

Høgskulen på Vestlandet Postbox 7030 N-5020 Bergen Norway +47 55 58 58 00 post@hvl.no hvl.no
Facebook [hvl.no](https://www.facebook.com/hvl.no) Twitter [@hvl_no](https://twitter.com/hvl_no) Instagram [@hvl.no](https://www.instagram.com/hvl.no) LinkedIn Høgskulen på Vestlandet (HVL)